

Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 16.01.2017  
Vår ref.: 2016/9170-11  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Vedlegg til søknad om plass i vidaregåande skule for elevar i 10. klasse

Etter rådgjevarsamlingane for inntak til vidaregåande skular etter nyttår, har me fått nokre førespurnader om korleis dei minoritetsspråklege søkjarane skal registrere søknaden sin, og kva som skal leggjast ved av vedlegg.

Generelt gjeld at alle som har norsk fødsels- og personnummer (11-siffer) skal registrere søknaden sin på vigo.no. Husk at det må hakast av for at ein er minoritetsspråkleg søkjar. Utan slik markering går ein inn som ordinær søkjar.

Søkjarar som ikkje har norsk fødsels- og personnummer må skrive søknaden sin på det ordinære søknadsskjemaet for vidaregåande opplæring.

**Vedlegg for alle:** For alle som registrerer søknaden sin som «minoritetsspråkleg søkjar» må det sendast inn dokumentasjon på opphaldsløyve i Norge. Dersom ein ikkje lenger har opphaldsløyve, men dette er påklaga, skal dokumentasjon på dette sendast som vedlegg til søknaden.

**Vedlegg til søknad om plass i innføringsklasse:** Tilleggsskjemaet « Søknad om plass i innføringskurs»

**Vedlegg til søknad om plass i ordinære Vg1 program:** Vurderingsskjema skal sendast inn samla for denne søkjargruppa pr. **15.juni 2017**. Sjølv om vi får karakterane over til oss digitalt, vil dette skjemaet gje meir utfyllande informasjon til mottakerskulen om nivået eleven har i basisfaga.

Alle skjema i samband med inntaket til vidaregåande opplæring i Hordaland finn de på [hordaland.no](http://hordaland.no), deretter vidare til «Utdanning» og Vidaregåande opplæring. Ein finn då ein link som heiter «Skjemaoversikt».

Vurderingsskjemaet som skal nyttast for dei minoritetsspråklege søkjarane vil bli lagt ut pluss/minus påsketider, dvs. medio april.

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*